

Protokoll nr. 06/17**Styremøte 16.06.17**

Tilstades: X

Styremedlemmar:

- X Stein Kinserdal, styreleiar
- X Petter Bjørdal, nestleiar
- X Svein Anders Grimstad
- Kirsti Slotsvik
- X Gunn Fredriksen
- X Jan Arve Antonsen
- X Anette Lekve
- Mikal Gjellan
- X Kirsti Dyrnes

Frå administrasjonen møte:

Adm.direktør Espen Remme
styresekretær Hilde Amundsen Flø
HR-direktør Ragnhild Remøy
Ass.dir. Helge Ristesund
Økonomidirektør Heidi Nilsen
Kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim
Klinikksjef Henrik Erdal, Klinikk for barn, unge og kvinner
Klinikksjef Mona Aagaard-Nilsen, Klinikk for drift og eigedom
Klinikksjef Torstein Hole, Klinikk for medisin og rehabilitering
Klinikksjef Ketil Gaupset, Klinikk for psykisk helse og rus
Klinikksjef Kjersti Bergjord, Klinikk for akuttbehandling
Medisinsk fagsjef Mariann H. Gammelsæther

Frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF:

Ingrid Løseth og Daniel Ask

Styremøte vart heldt på styrerommet i administrasjonsbygget i Ålesund og starta kl. 10:00.

Mikal Gjellan hadde meldt forfall, Kirsti Dyrnes stilte som vara. Kirsti Slotsvik hadde meldt forfall.

Styreleiar Stein Kinserdal åpna styremøtet og ønska alle velkommen.

Styret behandla følgjande saker i møte:

Sak 2017/33 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Underskrift av protokoll nr. 4/17 frå møte 09.05.2017 og protokoll nr. 5/17 frå møte 12.06.2017. (utan saksframlegg)

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste og signerte protokoll nr 4/17 frå møte 9. mai og protokoll nr 5/17 frå møte 16. juni.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste og signerte protokoll nr 4/1 og 5/17.

Sak 2017/34 Orienteringssaker

- Orientering frå administrerande direktør
 - Orienterte om informasjon kring lavaktivitetsperioden sommer 2017
 - Først i Noreg med spesialistutdanning innan rus- og avhengigheit for legar! styreleiar gratulerte avdelingssjef Kari Marie Remø Nesseth og overrakte blomster til avdelinga. Mariann Leikanger var og tilstades.
 - Klinikksjef Torstein Hole og Marit Kvangarsnes (NTNU Ålesund) mottok sist veke Forskingspris for fokus på samhandling. Vi gratulerer !
 - Henrik Erdal orienterte om status frå pediatrigruppa (arbeidsgruppa som skal evaluere dagens driftsmodell i Nordmøre og Romsdal, og greie ut framtidig organiseringa av pediatrien i heile helseføretaket) sitt arbeid.
- Forbettringshistorie v/Jo Volle, seksjonsleiar DPS Ålesund ambulant seksjon
- Status utviklingsplanarbeidet
- SNR – status og framdrift v/assisterande direktør Helge Ristesund, Helse Møre og Romsdal og prosjektdirektør Helle Jensen, Sykehusbygg
- Helseplattformen - status

Innstilling:

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

Sak 2017/35**Referatsaker – uten saksframlegg**

- Referat frå Brukarutvalet 13.06.2017
- Referat frå AMU 13.06.2017
- Protokoll styremøte HMN 29.05.17
- Brev til Helsedirektoratet – «Tilsvaret til tvisteløsningsnemda»
- Revisjonsberetning
- Protokoll fra foretaksmøte datert 15. juni 2017.

Sak 2017-36**Statusrapport mars 2017 – Kvalitet – Økonomi og aktivitet****Innstilling:**

1. Styret tek statusrapport pr. mai 2017 til orientering.
2. Styret ber adm. direktør halde fast på den langsiktige strategien med kontinuerleg forbetring og fokus på leiarskap på alle nivå i organisasjonen.
Styret ber vidare adm. direktør vurdere tiltak utover det som allereie er sett i verk for å sikre redusert kostnadsutvikling.

Vedtak:

1. Styret tek statusrapport pr. mai 2017 til orientering.
2. Styret ber adm. direktør halde fast på den langsiktige strategien med kontinuerleg forbetring og fokus på leiarskap på alle nivå i organisasjonen.
Styret ber vidare adm. direktør vurdere tiltak utover det som allereie er sett i verk for å sikre redusert kostnadsutvikling.

Sak 2017-37**Rapportering og risikovurdering på styringskrava i «Plakaten» for 1. tertial****Innstilling:**

1. Styret tek del av leiinga sin gjennomgang: rapportering for 1.tertial på styringskrava frå «plakaten» og vidare risikovurdering av krava, til vitande.
2. Styret ber Helse Møre og Romsdal ha ekstra merksemd på dei styringsmåla der uvissa kring måloppnåing er størst.

Vedtak:

1. Styret tek del av leiinga sin gjennomgang: rapportering for 1.tertial på styringskrava frå «plakaten» og vidare risikovurdering av krava, til vitande.

2. Styret ber Helse Møre og Romsdal ha ekstra merksemd på dei styringsmåla der uvissa kring måloppnåing er størst.

Sak 2017-38 Eventuelt

Anette Lekve hadde spørsmål kring til styresak i Helse Midt-Norge RHF - 53/2017 Revidert nasjonal traumeplan – traumesystem i Norge.

Adm.dir Espen Remme svarte at han vil komme tilbake til dette i styremøtet i august etter å ha gått i nærare dialog med Helse Midt-Norge om saka.

Sak 2017-39 - Godkjenning av protokoll nr. 6/17 frå møte 16.06.2017

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 06/17 frå styremøte 16.06.2017

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 06/17 frå styremøte 16.06.2017

Møtet slutt kl. 13:15

Stein Kinserdal

Petter Bjørdal
Nestleiar

Kirsti Slotsvik

Svein Anders Grimstad

Gunn Fredriksen

Mikal Gjellan

Jan Arve Antonsen

Anette Lekve

Kirsti Dyrnes